

## Frå baking til ballspel på sundagsskuleleir

12.01.2013



I dag og i morgon avviklar sundagsskulen den tradisjonelle, årlege bu-heima-leiren i Omvikdalen skule, denne gongen med 39 born mellom 4 og 10 år og 12 vaksne.

Som det plar vera er tilbodet av aktivitetar allsidig, det omfattar ballspel, elektronikk, forming, baking, drama og snikring. Diverre var det ikkje mogeleg å gjennomføra korøving på grunn av for få deltakarar.

Deltakarane kjem berre frå indre luten dette året. På grunn av sjukdomsforfall er det også berre 2 frå Uskedalen denne gongen - syskenparet Niklas og Evy Lakselv. På leiarsida finn ein Camilla Myklebust frå Uskedalen.

Som leirnamnet fortel bur deltakarane heime. Også Elisabeth Fauskanger, som er leiar for kretsen, deltek på leiren.

Det er fleire samlingar dei to dagane, i eit tett program finn ein familiesamling, bibelsamling, leirfest og sjølvstund sundagsskule.

På biletet over er syskenparet Niklas og Evy saman med to av leiarane - Kristine Hestad og Eldrid Molland Hjelmeland..

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen